


ARE KALVØ nyttar vevsida si til å gjere tekstar og informasjon tilgjengeleg for skuleelevar. **S. 4**

NETTMØTE I KLASSEROMMET gjev elevane ein arena der dei kan få trening i å skrive nynorsk. **S. 6**

EI NY VEVSIDE gjer det lettare å ta i bruk nynorske teikneseriar i norskfaget. **S. 10**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 3 | HAUSTEN 2008 | EIT BLAD FRÅ NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



TEMA:

Digitale
lærings-
ressursar



Nynorsk kvar dag

I framlegget til Stortingsmelding nr. 23 *Språk bygger broer* står det at Kunnskapsdepartementet vil styrkje nynorsk i kvardagen for barn og unge i barnehage og skule. Det er svært positivt at departementet er så klar i målsetjingane sine, men det er tiltaksplanen frå det same departementet som skal konkretisere korleis ein skal få dette til, og kva dette tiltaket inneber.

Få auge på nynorsken. Å styrkje nynorsk i kvardagen må vere å gjere nynorsk skriftspråk meir synleg og vanleg for barn og unge. Heilt frå barna får auga opp for skrifta, må dei få sjå nynorsk skrift kvar dag. Dette gjeld ikkje berre for dei som har nynorsk som opplæringsmål, men for alle barn og unge i Noreg.

Nynorske dataspel. Kvar møter barn skrifta? Jau, i bøker, i blad, i barnefernysyn, som tekst på videofilmar, i aviser og ikkje minst i dataspel. Alle desse områda er dominerte av bokmålstekst eller engelsk. Somme

påstår at dei fleste ungar av den grunn lærer å lese på bokmål eller engelsk først, og at nynorsk er ein tilleggskompetanse for barn som bur i distrikt med nynorsk som opplæringsmål.

På nettet. Engelsk og bokmål er dominerande på nettet også. Her ligg det ressursar til læring og underhaldning som både små og store barn nyttar seg av. Eit større tilbod av nynorske nettressursar må kome, og ressursane må finnast i alle sjangrar og for alle aldrar. I denne utgåva av *Nynorskopplæring* viser vi at positive ting skjer når det gjeld nynorsk for barn og unge på nettet.

Nynorsk i opplæringa? Barnehagen og skulen skal vurderast etter i kva grad dei når måla i planane dei arbeider etter. Opplæringsplanar, stortingsmeldingar, lover og reglar er positive til å styrkje nynorskopplæringa. No står det berre att å gjere arbeidet med å få det til!

Anne Steinsvik Nordal

Anne Steinsvik Nordal, leiar

NYNORSKOPPLÆRING NR. 3, ANDRE ÅRGANGEN

BLADSTYRAR: Arild Torvund Olsen
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen
SKRIFTER: Auto, Dolly og Sauna
SPRÅKVASK: Aud Søyland
ILLUSTRASJONAR: Arild Torvund Olsen
PRENTEVERK: Egset trykk AS

ISSN: 1890-3975

Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa) er eit ressursenter for nynorsk i grunnopplæringa. Senteret legg vekt på å utvikle metodar og arbeidsmåtar som kan skape språkkompetanse og motivasjon.

NYNORSKOPPLÆRING vert utgjeve av Nynorsksenteret, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 Volda
www.nynorsksenteret.no



I desse dagar er lærarar over heile landet i full sving med å fylle planane for eit nytt skuleår med innhald. Dei lokale læreplanane må ta fatt i kompetansemåla i Kunnskapsløftet og synleggjere korleis skulen skal arbeide for at elevane skal nå måla. I ein slik prosess gjeld det å ha oversikt over kva lærestoff som er tilgjengeleg for ulike føremål.

Magasinett med handbok

TEKST: INGRID SLETTEVOLL

Kunnskapsløftet har kompetansemål som seier at elevane skal kunne «lese og skrive tekster i ulike sjangere, både skjønnlitterære og sakspregede på bokmål og nynorsk». Kvar finst gode tekstar som kan brukast som modellar for å nå dette målet? Magasinett er ein nettressurs der lærarar og elevar kan finne slike tekstar. Til hjelp for læraren har Magasinett i tillegg nettopp vidareutvikla ei handbok som gir konkrete tips om korleis elevane kan arbeide med tekstar. Handboka har tre delar: ein generell del med opne oppgåver, ein del med oppgåver for ungdomssteget og ein del med oppgåver for vidaregåande skule. Denne måten å differensiere på hindrar ikkje at alle oppgåvene kan brukast på ulike nivå og årstrinn.

*Handboka finn du på vevsida til Magasinett:
www.magasinett.no*

Oppgåvene, som er knytte til konkrete tekstar, er klare til kopiering for elevane eller kan brukast direkte på nettet. For at elevane skal bli medvitne om korleis dei les for å lære, er det i oppgåvestoffet lagt vekt på å innføre ulike lesestrategiar. På den måten blir handboka også ei hjelp for læraren i arbeidet med å modellere gode lesestrategiar for elevane sine.

Innhold

Nynorsk kvar dag av Anne Steinsvik Nordal	S. 2
Magasinett med handbok av Ingrid Slettevoll	S. 3
Humor i eit hjørne av Janne Karin Støylen	S. 4
Nettmøte i klasseromet av Kristin Kibsgaard Sjøhelle	S. 6
Nynorsk grand prix av Anne Marie Holstad	S. 8
Ressurssider om teikneseriar av Arild Torvund Olsen	S. 10
Språkstimulering av Arild Torvund Olsen	S. 11
Å møte Ivar Aasen av Hjalmar Eiksund	S. 12
Vesidetsips: Tunkatten av Hjalmar Eiksund	S. 14
Boktips: Jakob og Neikob av Janne Karin Støylen	S. 14

Har du tips til stoff til bladet? Send det på e-post til ato@hivolda.no.

– Står det ein gatemusikant og spelar panfløyte utanfor vindauget ditt? Då Are Kalvø ringjer til avtalt tid 14.03 denne måndagen, går brannalarmen i hus, fjøs og låve på garden der eg bur. Utanfor vindauget mitt står det ein elektrikar i ein stige, alarmen er på årleg service på verst tenkjeleg tidspunkt.

Humor i eit hjørne

TEKST: **JANNE KARIN STØYLEN**

– Nei, det er brannalarmen, seier eg, vi har ikkje gatemusikantar på Jølster. – Ikkje kina-restaurantar heller, kjem eg på. Så vi er altså ikkje mellom dei 158 kommunane satirikaren frå Stranda har besøkt det siste året. «Det er med kina-restaurantar som med festivalar og kebabsjapper,» skriv Kalvø i boka *Våre venner kinesarane*. «Det finst snart ein på kvart einaste hjørne i dette landet. Det som er viktig å hugse på då, er at før var det berre eit hjørne der.»

– Ein mann, to etepinnar, 158 kommunar. To til tre kina-restaurantar kvar dag i to månader. Det er jo eit element av ekstrem-sport i dette, ler han. *Våre venner kinesarane* er ei humoristisk, kulturhistorisk reisebok, ein hyllest og ein takk til kinesarane for å ha gjort landet vårt litt morosamare, rarare og meir internasjonalt. – For mange av oss var kina-restaurantane det første møtet med noko veldig framandt på heimebane, dei kom tidleg til Noreg, og dei kom tidleg til små plassar, forklarar han.

Særoppgåver og vevsida

Så det er altså eit element av alvor i dette. «Dersom du er ein av dei stakkarane som skal skrive særoppgåve om bøkene mine, så får du her hjelp til nesten alt du måtte lure på. Lykke

til med arbeidet. Våre tankar går til dei næraste,» les eg på heimesida www.kalvo.no. Klikk etter klikk med biografiar, omtalar, intervju og fakta trillar over skjermen. Gjesteboka er full av takknemlege helsingar som desse: «Det er det beste...! Akkurat det jeg trengte. Kjempebra!!», «5+ på særnemne om deg. TAKK for innholdsrike og nyttige sider du har lagt ut!», «dette var jaggu mei bra saker, denni såkalte 'særoppgåva' kæn jo i verste fall utarte seg til å bli arti!!».

I kjernen av Kalvø sin satire ligg viktige bodskapar om alvorlege tema. Ofte er det dette elevane vel å leggje vekt på. Det veit Are Kalvø faktisk mykje om. Skal han svare på spørsmål frå elevane, må dei love å sende han eit eksemplar av oppgåva dei skal skrive.

– Eg har ei bra samling etter kvart. Elevtekstane handlar mykje om det å bruke humor og satire til å setje kritisk søkjelys på samtida, på politikk og samfunnsutvikling. Eg trur mykje av grunnen til at dei likar tekstane mine, er at dei er aktuelle, dei handlar om det som skjer

no, som dei ser rundt seg til dagleg, les om og er opptekne av.

Fred, fridom og nynorsk

Are Kalvø lever av å skrive tekstar som får folk til å le. Tekstane skriv han på nynorsk.

– Det er ikkje slik at publikum ler meir i dei nynorske kjerneområda, eg skuldar ikkje på nynorsken om det er stilt i salen på det sentrale Austlandet. Fell poenga mine på steingrunn, er det ikkje språket si skuld, det har aldri vore noko hinder å skrive nynorsk, seier han.

– Eg er for fred og fridom, og eg er for nynorsk. Kan det vere til noka hjelp at eg stiller opp og les litt her og der, gjer eg det gjerne. Men isoleringa av nynorsk som ein eigen bolk i norskfaget er heilt feilslått. Nynorsken skulle vore der frå dag ein! Det skulle vore tekstar på nynorsk og bokmål om kvarandre i alle fag, utan at ein sa så mykje om det. Mindre mas, meir moro! avsluttar han engasjert.

Du finn tekstar om og av Are Kalvø på vevsida www.kalvo.no



Klasse 3A førebur seg til skrive-dag. Dei sit ved kvar sin datamaskin på skolen, og skrive-iveren er stor. I ein norsktime skal dei ta for seg temaet *nynorskundervisning*. Klassa har bokmål som opplæringsmål, og no skriv dei om kva metodar dei meiner ein må ta i bruk for å gjere undervisninga i nynorsk meir interessant og faget lettare å lære. Dei er på idémyldringsstadiet, og målet er å debattere temaet og saman kome fram til argumenta dei skal bruke vidare på skrive-dagen. Og dei skriv på nynorsk.

Nettmøte i klasserommet – med nynorsk på dagsorden

TEKST: KRISTIN KIBSGAARD SJØHELLE

Ramma for myldringa er *diskusjonsforum*, ein funksjon innanfor læringsplattforma dei nyttar ved skolen. Læraren har valt å kalle det eit *nettmøte*. *Nettmøte* som omgrep har etablert seg gjennom nettaviser og tv-sendingar, og det føyer seg inn i rekkja av digitale kommunikasjonsarenaer som blogg, diskusjonsforum og nettpat. I *nettmøte* ligg ei forståing av det å møtast på nettet og å skriftleg diskutere ei bestemt sak. Utgangspunktet for nettdiskusjonen er ofte eit tv-program eller ei nyheits-sak der ein kjend person med særleg kunnskap om emnet stiller opp og svarer på spørsmål som blir stilte. Møteforma er delvis synkron sidan nettmøte er avgrensa i tid. I tillegg kan alle som ønskjer det, delta i debatten.

Nettmøte i norsktimen

Mi rolle i timen til klasse 3A er å vere observatør. Eg ønskjer å sjå på korleis ein kan nytte ulike digitale skrivearenaer, som til dømes nettdiskusjon, for å styrkje nynorskundervisninga. I arbeid med nynorsk som sidemål meiner eg at elevane treng skrivetrening på

mange nivå, også utan at det er lagt vekt på rettskriving.

I dette «nettmøtet» er den opphavlege debattforma utvida, sidan elevane både skal utveksle meiningar og samtidig vere ekspertar på temaet dei debatterer. Spørsmåla som er stilte, er opne og legg opp til at elevane skal referere til eigne erfaringar, medan ein prøver å styre utanom den klassiske «for-eller-imot-nynorsk-debatten». Det er meir utfordrande å prøve å vere konstruktive og kome med innspel til kva som kan gjere nynorskopplæringa betre enn berre å kritisere det beståande. I lik-skap med eit ordinært nettmøte er diskusjonen avgrensa i høve til tid og tema, og er såleis synkron. Skrivninga er uformell og ber preg av spontanitet, men alle innlegga blir ståande,

og det er mogleg å gå tilbake til dei seinare. På den måten kan elevane bruke argumenta frå debatten i vidare skriving.

Ei effektiv skriveøkt

I løpet av desse førti minutta produserte elevane og læraren om lag 150 innlegg, samtidig som dei las det andre hadde skrive. Elevane skreiv på nynorsk, men det var ikkje noko krav til korrekt rettskriving. Som observatør i timen vart eg slått av kor raskt elevane kom i gang med skrivinga, og kor lett dei handterte mediet. Denne typen skrivearena verkar velkjend. Dei fleste er raske med tastaturet, og trong ikkje noko tid til å setje seg inn i debattforma. Nokre skreiv lange argumentasjonsinnlegg, medan andre produserte korte og

«I arbeid med nynorsk som sidemål meiner eg at elevane treng skrivetrening på mange nivå, også utan at det er lagt vekt på rettskriving.»

poengterte svar, og heile vegen stilte dei nye spørsmål til kvarandre. I diskusjonsforumet kan ein sjå kor mange som har vore inne og lese innlegga, og for elevane vart det ein viktig motivasjonsfaktor for å leggje inn eigne synspunkt.

Meiningar om møtet

Tilbakemeldinga frå elevane var at dette er ein god måte å nærme seg eit tema på, sjølv

om nokre meinte det var utfordrande å sleppe seg heilt laus på sidemålet utan å ha ordboka i bakhand. For ein skrivar som treng tid til å formulere argument, blir nettdiskusjonen kanskje litt for spontan og krevjande. Samtidig var det fleire som peikte på verdien i det å kunne lese kva andre meinte. Som eit ledd i ei førskriving på sidemålet kan det uansett vere nyttig å kaste seg ut i ei skriving som skal møte mange lesarar, og oppleve at alle andre gjer

det same. Dette normaliserer bruken sidan kommunikasjonen skjer innanfor ein felles arena, og ikkje lenger er privat mellom lærar og elev. Nettmøte kan gjerne fungere som eit utgangspunkt for argumenterande skriving, ei idémyldring over eit tema i staden for ei klasesamtale. Det innbyr til ein annan type førebuing der tanke og tekst blir formulerte side om side. Og treninga i det å skrive på nynorsk får dei i tillegg.



På Volda ungdomsskule er det ein årviss tradisjon å arbeide tverrfagleg med å arrangere grand prix.

Nynorsk grand prix

TEKST: ANNE MARIE HOLSTAD, VOLDA UNGDOMSSKULE FOTO: OVE KRUMSVIK

Volda ungdomsskule fekk våren 2007 prosjektmidlar til nynorskprosjektet «Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk» frå Nynorsksenteret. Det er meininga at vi over tre år skal få laga ein omfattande fagplan i norsk, der nynorsk skal gjennomsyre verksemda i faget. Stikkord for prosjektet er å bruke gode nynorske tekstar når ein les og skriv i ulike brukssjangrar, arbeider med grammatikk og språk, og i leseprosjekt der ein les og arbeider med nynorsk skjønnlitteratur. Inn i prosjektet tek Volda ungdomsskule med seg ein årviss tradisjon med å arrangere grand prix. Sjølve arrangementet går ut på at alle klassene skal skrive tekst, syngje og framføre ein melodi og invitere dommarar som peikar ut ein vinnar. Heilt sidan våren 2000 har dette kjempearrangementet vore ein viktig del av verksemda til skulen.

Arbeidet med grand prix tek til i klassene om hausten. Då skal dei velje tema og melodi. Temaet seier noko om kva elevane skal vise på scena, og kva teksta skal handle om. Når temaet er valt, kjem jobben med å velje melodi. Etter å ha lytta seg gjennom ulike forslag frå elevar og lærarar vel elevane melodi på demokratisk vis. Dette tek lang tid og mange klasserådsmøte. Det er viktig at ein greier å få klassa samla om den melodien som vert vald til slutt. Skal ein greie å gjere noko saman, lyt alle gjere sitt, og då lyt ein gi og ta. Slik

er grand prix ein flott måte å lære elevane å samarbeide på. Grand prix gir rom for samhandlingar som kan skape grunnlaget for eit godt klassemiljø.

Samarbeid om songtekster

Over jul startar arbeidet med å skrive tekst. Her kjem norskfaget inn. Alle elevane får høve til å skrive tekst til den melodien klassa har valt. Ofte tek ein utgangspunkt i originalteksta og freistar å få til klingande refreng på nynorsk, eller det mest vanlege: på dialekt. Sidan set klassa ned ei tekstgruppe som samlar alle forslaga, vel ein tekst, eller som oftast, lagar eit forslag med idear frå fleire av dei ulike tekstforslaga i klassa. Klassa får sidan presentert teksta frå tekstgruppa, kjem med forslag til endringar, og tekstgruppa lagar sidan eit endeleg forslag til tekst som heile klassa kan samle seg om.

Sidan kjem arbeidet med å koreograferare det heile på scena. Musikktilmar og kroppsøvingstimar vert nytta til å kome med forslag til og øve inn song, dansesteg, drama og akrobatikk. Deretter skal det avgjerast kven som skal syngje solo, duett, i kor og kven som skal danse kvar i songen. Så må dramaturgien på plass, og alt som skal vere med av kulissar, kostyme osv.

Grand prix har vorte eit populært arrangement i Volda.

Utarbeiding av presentasjonar

I tillegg til arbeidet med innslaget til klassa har elevane meldt seg på grupper som tek seg av ulike sider ved arrangementet. Ei mediegruppe har hatt ansvaret for programheftet der dei ulike klassene vert presenterte med bilete, songtekst og tema. Her lyt rettskriving og layout vere i orden. Denne gruppa har også laga korte filmsnuttar om dei ulike klasseinnsloga, og desse filmsnuttane vert viste før klassa skal på scena. I tillegg har mediegruppa ansvaret for å redigere og lage grand-prix-filmen som dei sel til elevane etter arrangementet.

Grand prix har vorte eit populært arrangement i Volda. Elevane snakkar om at dei gler seg til grand prix, lenge før dei vert elevar ved skulen, og elevane som går her, kan ikkje tenkje seg skulen utan grand prix. Gjennom dette arrangementet kan alle fine ord i fine planar realiserast; elevane får dikte på sitt språk, syngje, koreograferare, danse, spele roller, teikne, måle, sy, spikre, framføre, løyse konflikhtar, samarbeide, takle motgang og medgang, vinne og tape.



Ressurssider om teikneseriar

Er du på jakt etter gode nynorske teikneseriar? No lanserer Nynorsksenteret ein ny vevstad med ressursar for dei som vil nytta nynorske teikneseriar i norskfaget.

TEKST: **ARILD TORVUND OLSEN**

Bruk av nynorske teikneseriar kan vera ein motiverande og spanande innfallsvinkel til norskundervisninga. Ein teikneserie er ein samansett tekst, og Kunnskapsløftet legg opp til at elevane både skal laga, granska og vurdere slike samansette tekstar.

Samling av nynorske teikneseriar

På vevstaden finn du døme på nynorske teikneseriar av ulike slag, både tradisjonsrike seriar som Smørbukk og nye seriar frå unge, spanande teikneserieskaparar. Elevane kan lesa og bla i seriane på skjermen, men alle seriane


er òg tilgjengelege som PDF-ar til utskrift, der- som du som lærar finn ut at du heller vil dela ut seriane på papir i klasserommet.

Lær å laga teikneseriar

I tillegg til å presentera døme på nynorske teikneseriar kan den nye vevstaden by på sider med tips og triks for elevar som vil lære å teikna og skriva teikneseriar. Der kan elevane

lære om idéutvikling, vinklar, utsnitt, manus- skrivning, aksebrot og andre nyttige emne. Dei kan òg sjå døme på korleis manuset til ei side av ei Donald Duck-forteljing ser ut, og saman- likna det med den ferdigteikna sida. Vevstaden inneheld dessutan sider med bakgrunnsstoff for lærarar. Der ligg det døme på moglege opp- gåver og arbeidsmåtar for bruk av teikneseriar i nynorskopplæringa.

Du finn teikneseriane og ressursane på www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/



Minst av Øystein Ottesen – ein av teikneseriane du kan finna på den nye vevstaden.

Språkstimulering

Ei stor samling førskulelærarar, lærarar og andre interesserte var samla for å få kunnskap og inspirasjon då Nynorsksenteret 17. april skipa til konferansen *Språkstimulering*.

TEKST OG FOTO: **ARILD TORVUND OLSEN**

Frå ulike innfallsvinklar tok innleiarane på konferansen føre seg korleis born kan ta dei første stega inn i den nynorske skrifta, til dømes gjennom bruk av den nynorske barnelitteraturen eller språkstimulering på data-maskina. Innleiarane på konferansen var forfattaren Rune Belsvik, Lise Lunde Nilsen frå Våland skole, Lila Moberg og Ingjerd Traavik frå Høgskulen i Volda og Anne Høigård frå Universitetet i Stavanger. Det var slik sett eit variert program konferansedeltakarane fekk servert, med både teori, litterære smakebitar og presentasjon av gode døme frå skule- og barnehagekvardagen.

Inspirerende

Turid Bang frå Øystese barnehage er ein av dei kring 140 som nytta høvet til å melda seg på konferansen. – Det var flott at det vart sett skikkeleg søkjeljos òg på barnehagane. Konferansen var utruleg interessant, meiner konferansedeltakaren, som drog heim med ny inspirasjon. Øyfrid Garborg Sande Aufles frå Kviteseid skule let seg òg inspirera på konferansen. – Etter å ha høyrte på føredraga fekk eg konkrete idear til arbeidsmåtar eg kan ta i bruk i undervisninga. Det var ei lang bussreise for å koma hit, men det var verdt det, smiler den entusiastiske læraren.

Sjå innlegga frå konferansen

På vevsida www.nynorsksenteret.no/konferanse2008/ kan du sjå filmar av alle innlegga frå konferansen.

På konferansen var det òg lansering og presentasjon av den nye antologien *Les for meg!*, som Nynorsksenteret gjev i gåve til nor-

ske barneskular og barnehagar. Antologien er tenkt som ein døroppnar til det rike skattkammeret som den nynorske barnelitteraturen er.



Møtelyden hørte på med stor interesse då Lise Lunde Nilsen presenterte Haugtussa-prosjektet.

Dette undervisningsopplegget er meint som ein introduksjon til eller repetisjon om personen Ivar Aasen. Opplegget er todelt: Ein sekvens med lærar i rolle, så pararbeid der elevane bruker pc/Internett. Undervisningsopplegget kan ein sjå på film i ressurspakken *I praksis* frå Snøball film (www.skuleipraksis.no).

Å møte Ivar Aasen – ansikt til ansikt

TEKST: **HJALMAR EIKSUND** FOTO: **KRISTIN KIBSGAARD SJØHELLE**

Aldersgruppe: ungdomsskole/vgs.

Lengd: 80–90 minutt, eller meir

Oppstart av undervisningsøkta

(ca. 15 minutt)

I starten av undervisningsøkta ser vi på nekrologen til Ivar Aasen frå Dagbladet, 1896. Språket i avisa er gammaldags, men både det og plasseringa av og storleiken på nekrologen opnar for diskusjon om kven denne mannen var.

- Kva språk er nekrologen skriven på?
- Kvifor er han ikkje skriven på nynorsk?
- Kvifor har nekrologen fått så stor plass?
- Kven ville fått bilete og nekrolog trykt på framsida av ei riksavis i dag?

Føremålet med innleiingssekvensen er å hente fram det elevane allereie veit om Ivar Aasen, samstundes som ein får innsyn i korleis samtida såg han. Kvar einskild skriv så ned spørsmål dei kunne tenkje seg å stille Ivar Aasen, dersom dei møtte han i dag.

Rollespel (ca. 20 minutt)

Utkledd som Ivar Aasen kjem så læraren inn og presenterer seg. Elevane får høve til å stille spørsmåla sine. Det kan vere utfordrande



å vere i rolle sidan ein aldri er sikker på kva spørsmål som kjem (t.d. «kva fotballag heiar Ivar Aasen på?»), men med ein liten time med førebuingar og litt humor er ei slik økt overkomeleg for dei fleste. Metoden *Lærar i rolle* blei utvikla av Heathcote og Bolton på 1980-talet. Metoden er velprøvd og gjev elevane eit personleg og konkret forhold til faget ved at dei aktivt får vere med på å styre kva informasjon dei får. Det viktige er å vere i rolla lenge nok til at alle får kome til orde, og det finst lett tilgjengelege biografiar om Ivar Aasen på nettet.

Gruppearbeid framfor PC (resten av tida)

På nettstaden til Nynorsk kultursentrum finn ein ei interaktiv oversikt over dei ordsamlar-reisene Ivar Aasen gjorde. Oversikta viser òg einskilde dagboksnotat frå reisene. Den påfølgjande undervisningsøkta jobbar elevane

to eller tre saman om å finne kommunar som Ivar Aasen besøkte, og ord han fann der. Det er naturleg å ta utgangspunkt i heimkommunen til elevane, eller ein annan kommune i nærleiken. Profilen på denne økta er mest avhengig av korleis ein ser for seg det vidare arbeidet.

Vidare arbeid

Det nyttige er å lyfte Ivar Aasen fram frå skolebøkene og synleggjere personen bak det arbeidet han gjorde. Undervisningsopplegget er ein introduksjon til Aasen og samtida hans, og vidareføringa kan ta fleire retningar:

- Skriv ein tekst om Ivar Aasen i heimkommunen
- Start innsamling av lokale ord og uttrykk som er særmerkte for heimstaden i dag
- Lag ein minigrammatikk over den lokale dialekten
- Eller tverrfagleg: Kommunikasjonen i Noreg på midten av 1800-talet. Korleis kom folk seg fram?

Då er det berre å finne fram hatten, stille seg framfor spegelen og seie: «God dag, Ivar.»

*Det meste av det ein treng (både biografiar, reisene og nekrologen), ligg ute på informasjonssidene om Ivar Aasen på nettstaden til Nynorsk kultursentrum:
<http://www.aasentunet.no/aasen>*

i praksis: nynorsk som sidemål i grunnskulen

Ressursspakken *i praksis: nynorsk som sidemål i grunnskulen* er ei samling med kortfilmar. Filmane syner undervisningspraksis som er fagleg solid og som engasjerer elevane. Kvar film dokumenterer eit konkret undervisningsopplegg.

www.skuleipraksis.no

VEVSIDETIPS

PRESENTERT AV Hjalmar Eiksund

Tunkatten (www.tunkatten.no) – aldersgruppe 2.–4. årstrinn

I Ivar Aasen-tunet bur tunkatten *Lurivar*. Tunkatten er ei av Nynorsk kultursentrum sine satsingar for barn og unge, og nettstaden med same namn er ei innhaldsrik samling av aktivitetar for småskolen med det nynorske språket i fokus.

Lurivar er ord-spion og samlar på ord og formuleringar. Under fana «Ord frå her og der» kan dei som er innoft nettstaden, finne ulike dialektord frå heile Noreg. Ein kan sjølv vere med og levere inn nye ord til ordsamling.

ga, eller prøve ut om ein forstår dei orda andre har levert frå seg.

Aktivitetar og spel

Er du som lærar på jakt etter gode idear til aktivitetar i timane? Saknar du kryssord med nynorske ord og skrivemåtar? «Aktivitetar og spel» er ei samling med aktivitetar på nynorsk. Her finn du kopieringsoriginalar til bruk i timen, men òg interaktive spel og leikar som appellerer til små språkgrublarar.



Songbok

Tunkatten har òg ei eiga interaktiv songbok med både tekst og melodi lett tilgjengeleg for alle som vil lære seg nye singlar, eller som er usikre på korleis gamle travarar høyrer ut. Alle songane finst i mp3-format for lett nedlasting og høgtspeling i klasserommet, både med og utan forsingar. I tillegg kan ein trykke singlar av eigne kopieringsoriginalar som kan lastast ned som PDF-fil.

BOKTIPS

PRESENTERT AV Janne Karin Støylen

Kari Stai: *Jakob og Neikob*

Er det slik at kvar av oss har ein grunntone i seg, ein tone i ein skala med JA og NEI i kvar sin ende? Nokre av oss seier oftast ja og vert oppfatta som positive, medan andre helst svarar nei og vert stempla som negative. På same tid får ja-menneska høyre at dei må lære seg å setje grenser og seie nei, medan dei som er flinke til å seie nei, vert oppmoda om å seie ja oftare. Møt Jakob og Neikob og lær korleis NEI kan bli til JA og kva tid JA heller bør vere NEI.

Jakob og Neikob bur saman i eit hus på ein bakketopp. Dei er gode vener sjølv om dei

er veldig forskjellige. Jakob seier JA til alt, og Neikob seier NEI til alt. Jakob har så lyst til at Neikob skal seie ja og verte med på noko kjekt. «Hei, Neikob. Du seier vel ikkje nei til ein biltur? NEI, svarar Neikob.» På vegen møter dei ein tjuv! Han tek bollane deira og vil stele bilen. «JA, svarar Jakob, litt for fort.» Etter fleire uomtenksame JA-svar held dei på å verte krokodillemat, alle saman. Men Neikob kan seie nei på mange språk, til og med på krokodillespråket! Jammen er Jakob glad for at Neikob er så flink til å seie NEI!



Det Norske
Samlaget
2008

Kari Stai er eit relativt nytt namn både som tekstforfattar og som illustratør. Ikkje mindre har ho laga ei nyskapande og flott bok som på same tid er lett å bruke, og som tek opp ei allmennmenneskeleg utfordring. Illustrasjonane fyller heile sidene med reine linjer, sterke fargar og sterkt stiliserte uttrykk. Kollasj og papirklypp ser ut til å vere teknikken ho brukar. Det er lite tekst på kvar side, av og til berre ei lita setning.

Boka passar til høgtlesing og medlesing frå fireårsalderen.

Via ressursbasen på www.nynorsksenteret.no finn du nynorsk-kurs, nynorske tekstar, nynorske teikneseriar, lesetips, filmar med undervisningsopplegg, nynorskordbøker på nettet, spel, testar og mykje meir.



LES FOR MEG!

Les for meg! er ein antologi med nynorske tekstar for born i alderen 4 til 8 år. Nynorsksenteret har gjeve antologien i gåve til alle barnehagar og skular med 1. årstrinn.

Nynorsksenteret har òg laga ei vevside om nynorske tekstar for dei minste:

www.nynorsksenteret.no/lesformeg/

VEVSIDA INNEHELD:

- boktips
- informasjon om antologien
- tekstar for born
- formidlingstips

Via vevsida er det òg høve til å tinga boka for 199,–



Nynorskopplæring er gratis, og kjem med tre nummer i året.
Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.
Hugs å sende med namnet og adressa di!

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

B

NOREG

